



Einingsleiarane i Stad kommune

Vår ref:

Sak: 26/6083 JpID: 26/35409 Sbh: OST

Dykkar ref.

Dato:

03.08.2026

Budsjett 2027 - rundskriv 1

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet og økonomiplanen på følgjande rammeområde i Stad kommune:

- sentraladministrasjonen/politisk styring
- oppvekst og opplæring
- helse og omsorg
- kultur og samfunn
- driftstilskot til Stad kyrkjelege fellesråd
- eventuelt driftstilskot til Stad Energi- og Eigedomsutvikling KF

Økonomiske utfordringar til årsbudsjett 2027

Saka om budsjett 2027 og handlingsprogram 2027-2030 for Stad kommune var oppe som sak i kommunestyret den 18. juni 2026, jf. KS 26/068 som ligg i Teams-mappa STA Leiarsamlingar under Generelt - Budsjett 2027. I denne saka blei det synleggjort at Stad kommune framleis har utfordringar med å få økonomiplanen i balanse utan å nytte disposisjonsfondet til å dekke inn underskot. Fyrst og fremst er det budsjettet for 2027 som er ei stor utfordring, der kommunalområda samla må spare inn kring kr 18,0 mill. Etter dette set vi att med eit driftsunderskot på kr 35,0 mill som må dekkast av disposisjonsfondet. Hovudårsaka til utfordringa i 2027 er at ein dreg med seg manglande budsjettbalanse på kr 30,0 mill frå budsjettet for 2026 og at havbruksfondet vil gje ei stipulert inntekt som er kr 15,0 mill lågare i 2027 enn i 2026. I tillegg er det venta høgare rente på kommunen sine lån i 2027 enn det som var lagt til grunn i økonomiplan 2026-2029 som blei vedteken i desember 2025.

Framsikt som budsjetteringsverktøy

Framsikt blir brukt som budsjetteringsverktøy og rettleiar ligg i Teams-mappa STA Leiarsamlingar under Budsjett 2027. Nye einingsleiarar får opplæring i budsjettmodulen. Det er forventa at einingsleiarane som har vært med på prosessen tidlegare år arbeider sjølvstendig med detalj- og stillingsbudsjettet **før budsjettmøta** i september. Budsjettmøta er for spørsmål og avklaringar som kjem har dukka opp undervegs i arbeidet.

Budsjetttrammer 2027

Prosedyrane for budsjettarbeidet blir som i fjor. Kommunalområda og einingane får tildelt ei budsjetttramme for 2027. Denne vil være lågare enn det ein har behov for ved vidareføring av dagens drift. Dette gjer at alle må kome opp med innsparingar for å få budsjettet ned på den tildelte ramma. Utgangspunktet er at alle på førehand har eit realistisk konsekvensjustert budsjett for 2027 for vidareføring av drifta slik den er i 2026, før ein tek til med endringar for å redusere budsjettet. Dette er vidare omtala under overskrifta *Innsparingstiltak* på side 4 i dette dokumentet. Budsjetttrammene

for einingane vert fastsett i SKK-møte tidleg i september og kommunisert ut til einingane av kommunalsjefane.

Budsjettføresetnader 2027

Generelt

Vi ventar å få opna for tilgang i Framsikt **seinast onsdag 26. august**. Då skal lønsgrunnlaget vere oppdatert med grunnlag i tilsett personell pr. 12. august 2026.

Andre utgifter konto 11000-15999 og inntekter konto 16000-19999 vil ligge med tal i 2027 vidareført frå 2026-budsjettet. Disse må nøye gåast igjennom for kontroll og justerast der det er naudsynt, spesielt inntektspostane. Auke i utgiftspostar må avklarast med kommunalsjef.

Lønsføresetnader

Einingane skal budsjettere med dei tilsette si løn pr. 12. august 2026, og ikkje gjere noko påslag for lønsauke i 2026 eller 2027. Lønsutgifta som ligg i Framsikt vil innehalde den sentrale lønsauken for 2026. Den lokale lønsauken for 2026 vil ikkje vere kjent før seinare i haust, og vil difor bli sett av på ein eigen sentral post. Lønsauken for 2027 vert også sett av på ein sentral post.

For dei fleste einingar er det lønsutgifta som vi importerer inn i Framsikt frå Visma som skal nyttast i budsjettet for 2027, eventuelt justert for endring i tal stillingar og stillingsstorleikar. Når stillingsbudsjettet er ferdig må du sjekke at tal årsverk er riktig. Einingsleiarane må avklare med kommunalsjef dersom det er behov for å auke tal årsverk.

Der det er *tillegg for funksjonar og ubekvem arbeidstid*, må dette kontrollerast spesielt, t.d. innafør lærarstillingar og personell i turnus.

Manuell innlegging av årsløn i Framsikt (p.g.a. ansiennitetsopprykk)

I tillegg må det justerast for tilsette som får *ansiennitetsopprykk* i perioden september-desember 2026 og heile 2027.

Ein del tilsette har tillegg til KS si minsteløn: Offentleg minsteløn + tillegg = Grunnløn.

Nokre tilsette (t.d. pedagogiske leiarar i barnehagane) har også tillegg på grunnløna igjen: Grunnløn + tillegg = Årsløn.

Einingsleiarane får tilsendt rapportar som viser desse felte for alle tilsette: Minsteløn + tillegg = Grunnløn + tillegg = Årsløn.

For dei tilsette som skal ha ansiennitetsopprykk, må de hente minsteløna frå KS sin lønstabell per 1. mai 2026 som ligg i Teams-mappa (STA Leiarsamlingar under Budsjett 2027) for så å plusse på tillegg som ligg i rapporten. Summen av dette er ny utrekna årsløn. Det er ny utrekna årsløn som skal leggjast manuelt inn i stillingsoversikta i Framsikt.

Bruk ansiennitetsdato frå liste over tilsette (som de får tilsendt) og KS lønstabell per 1. mai 2026. Alle med ansiennitetsopprykk i 2027 må sjekkast. I tillegg må alle med ansiennitetsopprykk i perioden 1. september til 31. desember 2026 sjekkast. Dette p.g.a. at årsløna som blei lest inn i Framsikt, berre hadde med seg ansiennitetsopprykk per august 2026.

Tabellen nedanfor viser at alle med ansiennitetsdato frå 2011, 2017, 2019, 2021, 2023 og 2025 må sjekkast, i tillegg til dei med ansiennitetsdato mellom 1. september og 31. desember frå året før desse årstala.

<u>Ansiennitet</u>	<u>2027</u>	<u>01.09.2026 - 31.12.2026</u>
6 år	2021	01.09.2020 - 31.12.2020
8 år	2019	01.09.2018 - 31.12.2018
10 år	2017	01.09.2016 - 31.12.2016
16 år	2011	01.09.2010 - 31.12.2010

*) gjeld berre lågaste stillingsgruppe (assistentar m.m.)

Utgifter til ferievikarar

Einingar som har full drift i 12 månader og dermed må nytte seg av ferievikarar, må passe på at det også vert budsjettert med ferievikarar. Dette gjeld spesielt einingar med turnus.

Løn for sjukevikarar

Enkelte einingar kan ha behov for å budsjettere med løn for sjukevikarar. Dette fordi ein ikkje får refundert for eigenmeldingar og sjukmeldingar inntil 16 dagar. Vidare får ein heller ikkje fullt ut refundert for sjukmeldingar utover 16 dagar. Einingsleiarane må avklare med kommunalsjef før slik budsjettering vert gjort.

Pensjonskostnader

Det er lagt inn automatikk i Framsikt som reknar ut pensjonsutgifta på den enkelte teneste, konto 10901 (SPK), 10902 (KLP fellesordninga) og 10903 (KLP sjukepleieordninga). Difor skal de ikkje legge inn tal på dette når de registrerer inn budsjettala i Framsikt.

Det skal ikkje budsjetterast med eigendel for arbeidstakarar som har gått av med avtalefesta pensjon eller som kjem til å gå av i løpet av 2027. Dette fordi Stad kommune har 100 % utjamning av dette på landsbasis, og denne utgifta vert då fakturert frå KLP innbaka i den ordinære premiesatsen.

Følgjande satsar blir lagt inn i formelutrekninga for 2027:

Medlemmar i KLP fellesordninga:	15,0 %
Medlemmar i KLP sjukepleieordninga:	17,5 %
Medlemmar i Statens pensjonskasse:	9,5 %

Desse satsane kan bli endra når vi får oppdaterte opplysningar frå pensjonsselskapa medio september 2026.

Arbeidsgjevaravgift

Det er lagt inn automatikk i Framsikt som reknar ut arbeidsgjevaravgifta på den enkelte teneste, konto 10990. Difor skal de ikkje legge inn tal på dette når de registrerer inn budsjettala i Framsikt. I formelutrekninga er det lagt inn 10,6 % arbeidsgjevaravgift på all løn og pensjon.

Kontingent OU-midlar

Ou-midlar skal ligge sentralt på sentraladministrasjonen funksjon 120. Einingane må difor passe på at det ikkje er beløp på konto 11953 i einingane sine budsjett.

Gruppelivs-, ulykkes- og yrkesskedeforsikring

Vi skal budsjettere for utgift til gruppeliv, ulykke og yrkesskade. Beløpsatsane er kr 1.600,- pr. tilsett fordelt slik:

- kr 1 100 på konto 10905
- kr 500 på konto 11852

Desse satsane kan bli justert når vi får oppdaterte tal frå forsikringsselskapet i september/oktober.

Prisjustering

Andre utgifter skal ikkje prisjusterast frå 2026 til 2027, utanom der det er bindande avtaler med eigen prisregulering.

Bil-, maskin- og bygningsforsikring

Fakturert beløp for 2026, dvs. rekneskap 2026 + 10 %.

Momskompensasjon

Vi minner om at konto 14290 og 17290 alltid skal budsjetterast med same beløp, for kvar teneste; plussbeløp på konto 14290 og minusbeløp på konto 17290.

Innsparingstiltak

Etter at einingsleiarane har gått igjennom detaljbudsjettet og sett at dette er riktig med tanke på vidareføring av dagens drift, må einingsleiarane legge inn innsparingar på ein slik storleik at ein kjem ned på ramma som er satt for eininga/kommunalområdet. Det må lagast ei tabelloversikt på beløp/konto/teneste for kvar endring/innsparing som vert lagt inn, og kommentar kring konsekvens av innsparinga. Dette for at vi skal ha ei samla oversikt på dette i ettertid. I Teams-mappa STA Leiarsamlingar, under Generelt - Budsjett 2027, ligg det ein mal for tabell (excel) til bruk for å lage slik oversikt med tittel «Innsparingar til økonomiplan 2027-2030». Denne ligg også vedlagt i utsendinga av dette rundskrivet. Tabellen opnar du i excel og lagrar på ditt eige område, slik at du kan legge inn endringar etter kvart som du endrar i detaljbudsjettet i Framsikt. Vi kjem med meir informasjon seinare om detaljar og dette blir også tema i budsjettmøta med einingane i september. Kommunalsjefane vil tidleg i september informere ut til einingsleiarane kva som vert budsjetttrammer for 2027.

Møte med plasstillitsvald om budsjettet

Einingsleiarane skal ha møte med plasstillitsvald for kvar eining med protokoll på gjennomgang av det konsekvensjusterte budsjettet for eininga. Dette må gjerast innan 7. oktober 2026. Eventuell seinare endring i einingane sine budsjett fram til kommunedirektør si tilråding, vil bli teke opp av kommunalsjefane med hovudtillitsvald.

Fristar kring budsjettarbeidet

Budsjetttrundskrivet blir sendt ut til alle einingsleiarar i Stad kommune. Einingane må vere ferdig med sitt arbeid til **fredag 18. september 2026**, inkl. innsparingstiltaka.

Gebyrregulativ 2027

Økonomiavdelinga vil sende ut Excel-ark med gebyra for dei einingane dette gjeld. Innspel til gebyrregulativet må vere på plass innan 19.10.2026 (fristen kan bli endra).

NB: Om de har gebyr som krev politisk handsaming før gebyrregulativet vert vedteke, så må saka opp i den politiske runden i oktober. Det vil seie utsending 5. oktober.

Kontaktpersonar

Kommunalsjefane koordinerer budsjettarbeidet innafor sine einingar.

Spørsmål om budsjettarbeidet kan også takast opp med økonomiavdelinga. Økonomiavdelinga vil bistå einingane i budsjettarbeidet der dette er nødvendig.

Kontaktpersonar:

- Økonomirådgjevar Maria Jansen
- Økonomirådgjevar Janne Storevik
- Økonomisjef Ole Starheim

Med venleg helsing

Ole Starheim
økonomisjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi:
Formannskapet i Stad kommune
Vestland Revisjon KO
Stad kyrkjelege fellesråd v/kyrkjeverja
Stad Energi- og Egedomsutvikling KF